

Kunnskapsdepartementet
Kopi UNIT/SO

Vår ref:
Vår dato:
30.09.2020

Dykkar ref:
Dykkar dato:

Høyringsvar - Forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

Kompetanse Noreg viser til Kunnskapsdepartementets høyringsbrev av 30. juni 2020, referanse 20/2229, der det blir gjort framlegg om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning.

Kompetanse Noreg støtter i all hovudsak framlegga om endringar, men ønskjer å kommentere på følgjande punkt:

Kap. 4 Spesielle opptakskrav §§§ 4-8, 4-10, 4-11.

Som eit overordna synspunkt meiner Kompetanse Noreg at opptaksforskrifta bør legge grunnlag for eit lett forståeleg og fleksibelt opptakssystem. I denne samanhengen viser vi til Lied-utvalet som problematiserer den aukande mengda spesielle opptakskrav og peikar på at dette utfordrar ordninga med generell inngang til høgre utdanning for dei med generell studiekompetanse.

Vidare vil Kompetanse Noreg peike på at det å innføre spesielle opptakskrav kan synest som ei lettvint løysing på problemet med fråfall. Her bør sektoren heller sjå mot tiltak som bidrar til å hindre fråfall i alle utdanningar.

Kompetanse Noreg etterlyser at det er enklare å sette inn einskildtiltak retta mot spesifikke målgrupper for å møte akutte behov i arbeidslivet. Koronavirus-pandemien har vist at det er auka behov for å sette i verk tiltak omgåande, som utfordrar regelverket slik det er i dag. Eit døme på dette er målretta vidareutdanningstilbod retta mot ledige og permitterte.

Einskildkarakterar er lite robuste som vurderingsgrunnlag og kompliserer prosessen med realkompetansevurdering, særskilt fordi ein ikkje kan oppnå ein karakter gjennom realkompetansevurderingsprosessen, som gir bestått/ikkje bestått.

§ 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

Kompetanse Noreg meiner at spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram ikkje skal vere til hinder for andre måtar å teste om søkjarane er kvalifiserte. Eit karakterkrav aleine vil ikkje nødvendigvis inkludere dei studentane med sterkast engelskspråkleg kompetanse. Til dømes bør realkompetansevurdering nyttast oftare i slike høve. Kompetanse Noreg veit at realkompetansevurdering er lite nytta i dag, grunna at det er meir komplisert å nytte den prosessen for å sette karakter. Det bør difor stillast krav til utdanningsinstitusjonane om å legge til rette for dette. Utdanningsinstitusjonane bør òg ha tilbod som gjer det mogleg å kvalifisere seg til utdanninga på andre måtar, til dømes gjennom eit forkurs.

§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag

Kompetanse Noreg meiner på generelt grunnlag at karakterkrav i norsk ikkje må vere til hinder for viktige samfunnsstemmer, til dømes minoritetsspråklege. Dersom det blir innført karakterkrav, vil Kompetanse Noreg oppfordre til at realkompetansevurdering nyttast oftare i

slike høve. Det bør også vere eit krav at utdanningsinstitusjonane har tilbod som gjer det mogleg å kvalifisere seg til utdanninga på andre måtar, til dømes gjennom eit forkurs.

1.2 Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

§ 4-11 Desentralisert utdanning og deltidsutdanning

Kompetanse Noreg støttar denne forskriftsendringa. Moglegheita til å gi opptak basert på geografi kan vere nyttig for å planlegge tilføring av kompetanse i regionane, men vi meiner at omsynet til eit opent utdanningssystem er viktigast. Opptak basert på geografi kan føre til at ein får eit snevrare rekrutteringsgrunnlag og at regionen mistar gode kandidatar.

Med venleg helsing

Sveinung Skule
Direktør

Margrethe Marstrøm Svensrud
Fung. Avdelingsleder
arbeidsliv og kompetanse